

Dei nye distriktsopprøra

i lys av varige konfliktlinjer i norsk politikk

Reidar Almås, Eirik Magnus Fuglestad og Anders Mahlum Melås,

Ruralis – Institutt for rural- og regionalforskning

Innleiing

Ein av dei viktigaste konfliktdimensjonane i norsk politikk så lenge vi har hatt eit demokratisk, konstitusjonelt styre har vore motsetninga mellom sentrum og periferi. Det var statsvitaren Stein Rokkan (1970, 1987) som utvikla dimensjonen sentrum-periferi som eit modellverktøy for å analysere og forstå slike politiske og kulturelle konflikter som oppstår innan ramma av nasjonalstaten. Tradisjonelt har nasjonalstatane søkt å skapa einskaplege nasjonale kulturar gjennom forskjellige former for kulturell standardisering innafor grensene sine, ikkje minst i form av språk og historie (Gellner, 2006). Dette betyr kulturell integrering av dei som bur i alle områda som nasjonen gjer krav på å omfatta. Men denne nasjonale integrasjonen er ikkje berre kulturell, den handlar også om politisk og rettsleg integrering. I motsetning til mange tidlegare statstypar der politiske og økonomiske rettar var avgrensa til små elitegrupper, så er nasjonalstaten bygd på eit teoretisk prinsipp om at alle i nasjonen skal ha like rettar (Greenfeld, 1993; Fuglestad, 2018). Dette får konsekvensar for korleis politikk, makt og motmakt blir utforma. Dimensjonen sentrum-periferi er heilt sentral for å forstå desse prosessane.

I denne boka spør vi korleis vi kan forstå politikk, makt og motmakt i Noreg med eit overordna blick på konfliktdimensjonen sentrum-periferi, både slik den har vore, og slik den trer fram i dag. Vi tek som utgangspunkt det vi kan kalla «dei nye distriktsopprøra», men søker grunnleggjande sett å laga ei brei analyse av samspelet mellom politikk, samfunn og økonomi i dei norske distrikta. Vi har organisert bidraga i denne boka under tre tematiske bolkar. I den første bolken «dei nye distriktsopprøra» ser vi på dei politiske og dei sosiale uttrykka for avmakt og misnøye i distrikta slik dei trer fram i dag. Den andre bolken: «politikk og reformer mellom sentrum og periferi», ser på politikktutforming, og på konsekvensar av dette for distrikta. Her ser vi både på distriktspolitikken generelt og på spesifikke politikkområde som landbrukspolitik, fiskeripolitikk og regionalpolitikk. I den tredje og siste bolken: «periferiens sosiale og økonomiske landskap», ser vi på korleis geografien og det

stadeigne påverkar og formar distriktsopprøra og distrikta på forskjellige vis, både materielt og kulturelt.


Dette innleiande kapitlet starter med eit overblikk over det vi ser som det mest sentrale ved Stein Rokkans arbeid på dimensjonen sentrum-periferi. Så går vi frå dette til å sjå på det vi kan kalla «dei nye distriktsopprøra» i lys av sentrum-periferimodellen. Derneft ser vi på forskjellige definisjonar av elitar, og på korleis også kultur og identitet kan vera sentrale i forholdet mellom sentrum og periferi, før vi gir eit historisk overblikk på korleis konfliktlinja sentrum-periferi har utspelt seg i norsk moderne politisk historie. Til slutt kjem ei oppsummering av alle kapitla som boka inneheld.

Tradisjonen etter Rokkan: Stabile skiljelinjer i eit politisk system.

Stein Rokkan er ein av få godt kjente og internasjonalt ofte siterte norske samfunnsforskarar, ein «referansestolpe» alle må innom når dei skal analysere politiske og kulturelle skiljelinjer og valåtferd på 1900-talet. Paradoksalt nok er Rokkan relativt mindre kjent og sitert i Noreg enn i utlandet, noe som kanskje heng saman med at han har publisert det meste han skreiv på engelsk. Fleire av forfattarane i denne boka kjem til å nytta seg av Rokkan sine refleksjonar kring sentrum og periferi, og meir detaljerte gjennomgangar kan søkast i dei forskjellige kapitla, mellom anna kapittel 3, 4 og 13. Sjølv om Rokkan sin modell langt frå er den einaste inngangen til å forstå utviklinga i distrikta – mellom anna er den politiske økonomien eit viktig perspektiv (sjå kapittel 14) – så tenkjer vi at denne forståingsramma er sentral i denne samanheng. Difor skal vi i det følgjande gi ein kort presentasjon av det vi ser som dei viktigaste trekkene ved Rokkan sin sentrum-periferi modell i ein norsk kontekst.

Saman med sin nære kollega og samarbeidspartnar gjennom ei årrekkje, Henry Valen, identifiserte og analyserte Rokkan nokre sentrale skiljelinjer eller konfliktdimensjonar som gjekk langs aksen sentrum-periferi i norsk politikk (Rokkan, 1987). Her var det snakk om sosio-kulturelle motsetningar, om språkpolitikken, mellom riksmål og nynorsk. Deretter den moralske motsetninga rundt alkoholpolitikken som vart særleg aktivisert fram mot forbodstida på 1920-talet. Vidare den religiøse motsetninga mellom den lågkyrkjelege lekmannsrørsla som heldt til i bedehusa, og dei sekulære. Så motsetninga i varemarknaden mellom primærprodusentane og forbrukarane, og endeleg konflikten i arbeidsmarknaden, mellom dei som sel arbeidskrafta si, lønsmottakarane, og arbeidsgjevarane.

Figur 1. Dei to triangelkonstellasjonane i norsk politikk (Rokkan 1987, s. 223)



I denne modellen som kan illustrera konfliktdimensjonane nemnt ovanfor, skil Rokkan mellom eit økonomisk triangel der motsetningar på arbeidsmarknaden og varemarknaden utgjer motpolane og det kulturelle triangelet der motsetningane mellom urban kulturradikalisme og dei tre motkulturane målsak, lekmannskristendom og fråhaldssak utgjer motpolane (Rokkan 1987, s. 223). I utviklinga av sentrum-periferimodellen bygger Rokkan (1987, s. 225) på økonomen Hirschman (1972) sitt skilje mellom *exit* og *voice*.

Organisasjonar bygger seg opp for å gjera kollektiv aksjon:

«...dels innenfor det etablerte territorielle system, dels utad, gjennom kontroll av transaksjoner med andre systemer. Den typiske periferiresponsen er grensedragning mot sentrum; organisasjonene søker å etablere kontroll over transaksjonene, hindre individualisert exit og bygge opp beredskap for voice.» (Rokkan 1987 s. 225).

For Noreg skil Rokkan mellom tre geografiske periferiar: 1. Den meir egalitære, sørvestlege kystperiferien med grunnlag i lekmannsrørsle og målrørsle, som i mellomkrigstida fekk sitt politiske uttrykk i Kristeleg Folkeparti. 2. Den meir klassesdelte, nordnorske kystperiferien med grunnlag i motsetninga mellom fiskekjøparar og dei som sel fisk og/eller arbeidskraft, som på 1900-talet fekk sitt politiske uttrykk i Arbeiderpartiets tidlege gjennomslag og dominans nordpå. 3. Og endeleg den sjølvbergingsorienterte innlandsperiferien som gjennom

sein innordning i pengeøkonomien var mindre utsett for kulturelt press utanfrå (Rokkan 1987 s. 223). Kystperiferiane vart tidleg dregne inn i pengesamfunnet, enda mens innlandsperiferien var prega av sjølvberging og bytteøkonomi. Desse tre norske geografiske periferiane har alle si særeigne og ulik blanding av den kulturelle og økonomiske dimensjonen (jfr. Figur 1). Rokkan skriv om forskjellane mellom politiske kløyvingar i by og land at:

I sentrum genereres det samtidig konflikter om grensdragning ovenfor andre systemer: konflikter om kontroll av ressurskombinasjoner på tvers av systemer, konflikter om åpenhet versus isolasjon i forhold til fremmede standarder, intellektuell eller ideologisk innovasjon. Kampen i periferien står om opprettholdelsen av egenart, av autonomi i forhold til det territorielle sentrum, kampen i sentrum står om grensemarkeringen overfor andre systemer (Rokkan 1987, side 227).

Det overordna poenget for oss er at det er to sentrale konfliktdimensjonar som kjem ut av desse kløyvingane: Den økonomiske og den kulturelle, slik det går fram av figur 1. Gunnar Yttri har nyleg formulert det slik:

Rokkan identifiserte to varige konfliktlinjer i norsk politikk etter 1880. Den eine var ei territoriell konfliktlinje mellom sentrum og periferi, mellom hovudstad og provins. Den andre var ei sosio-kulturell konfliktlinje mellom akademisk utdanna, europeiserte embetsmenn og overklassa i byane, og stadig meir statusbevisste, artikulerte og nasjonsorienterte bønder i landdistrikta (Yttri, 2019, s. 244).

Vi kan legge til at bøndene i den siste gruppa ofte allierte seg med radikale byfolk i partiet Venstre. Frå midten av 1800-talet av steig det fram mange ideologiske nyskapningar frå periferien. Her kan nemnast Ivar Aasen sitt nasjonsbyggande språkprosjekt, og vidare frå dette den breiare norskdømsrørsla med folk som Olaus Fjørtoft og Arne Garborg i spissen (Nerbøvik, 1998). Også Bondevennrørsla til Søren Jaabæk var ideologisk radikale, med anarkistiske drag, og menn som Rasmus Steinsvik og Ivar Mortensson-Egnund tok anarko-kommunisme frå byar som St. Petersburg og Paris til norske bygder mellom fjell og fjordar (Fuglestad, 2017). Også den seinare arbeidarrørsla tok viktige perspektiv frå periferien. I Noreg har aksen sentrum-periferi hatt ekstra mykje å seie av tre viktige grunar, slik Yttri ser det:

1. Fordi Noreg er eit landstrakt land med mykje periferi og eit markant sentrum, 2. Fordi landet som heilskap er plassert i Europas periferi, og 3. Fordi landet i lange periodar har vore styrt frå København eller Stockholm (Yttri, 2019, s. 246).

Slik har denne konfliktlinja vore med på å setje eit markant avtrykk på den norske politiske og sosiale røyndomen. Baldersheim og Fimreite (2006) hevdar at Noreg tradisjonelt har vore landet med “den triumferande periferien”. Som vi skal sjå i denne boka, er det mykje som

talar for at periferien i Noreg ikkje er like «triumferande» som den har vore, noko som dei nye distriktsopprøra kan vera eit uttrykk for.

Alliansar og strid mellom by og land i norsk politikk

At det er konflikt mellom elitar i sentrum og meir folkelege rørsler frå periferien er ikkje noko nytt i moderne norsk historie. I den næraste tida etter at landet fekk eiga grunnlov i 1814, var det periodevis stor mistillit mellom embetsmannselitane og bøndene (Steen, 1953, s. 244-303). Også da bøndene, inspirert av John Neergaards «Olaboka», byrja å sende bønder til stortinget i 1830-åra, var det hard konflikt mellom sentrumseliten og bøndene frå periferien (Seip, 1974). Frå 1850-åra og fram mot 1880 og innføringa av parlamentarismen i 1884, oppstod det motkulturelle rørsler med basis i periferien – slike som lekmanrørsla, norskdomsrørsla, og fråhaldsrørsla – som fekk viktige allierte i radikale rørsler i byane, og særleg i Christiania. Denne alliansen vart basis for den breie Venstrerørsla med folkeføraren Johan Sverdrup i spissen, som velta det historikaren Jens Arup Seip har kalla «embetsmannstaten». Ved inngangen til 1880-åra vart embetsmannstaten «Et regime foran undergangen» (Seip, 1965) i møte med denne breie Venstrerørsla. Her fekk ein eit samarbeid mellom motkulturelle rørsler frå periferien og delar av elitane i sentrum, ein slags allianse mellom by og land, som vart det statsbærande partiet i mange tiår framover.

I moderne forstand kan ein seie at alliansen mellom by og land i norsk politikk vart grunnlagt på innføringa av parlamentarismen og «Venstrestatens oppkomst» (Furre, 1991) og ført vidare med det kjente slagordet til Arbeidarpartiet frå 1933 – «By og land, hand i hand». Denne nye alliansen mellom by og land vart institusjonalisert ved kriseforliket mellom Arbeidarpartiet og Bondepartiet i 1935. Både i 1884 (kampen om parlamentarismen) og i 1935 (kriseforliket), skilsettande år i norsk politisk historie, var dei politiske endringane tufta på ein allianse mellom radikale grupper i byane og breie folkegrupper i periferien.

Denne alliansen mellom radikale byfolk og bygdefolk der mange hadde sine næringsvegar i primærnæringane, har hatt skiftande posisjon i norsk politisk økonomi sidan. I den første etterkrigsperioden med gjenreising, industrialisering og byutvikling, under det Berge Furre har kalla den sosialdemokratiske orden (Furre, 1991), vart det ført ein sentraliserande politikk i stor grad under førarskapet til den nye sosialøkonomiske eliten. Etter kvart som det viste seg at distrikta vart tappa for arbeidsplassar og kapital i så stor grad at Arbeiderpartiet også mista røyster, kom det avbøtande tiltak. Av dei viktigaste tiltaka kan nemnast etableringa av ei rekkje distriktshøgskolar, universitetet i Tromsø (1968), regionalt differensiert

investeringsavgift (1971), differensiert arbeidsgivaravgift og opptrappingsvedtaket for landbruket (1975). Særleg var det viktig for ei regjering utgått av Arbeiderpartiet etter avrøystinga om EF (som i dag er EU) i 1972 å koma med avbøtande tiltak i distrikta som kunne reparere på skaden som vart gjort imot den særnorske sosialdemokratiske alliansen mellom arbeidarar, småbønder og fiskarar.

Trass i desse viktige distriktpolitiske initiativa frå regjeringar med skiftande politisk samansetning, var det markante røyster i samtida som meinte at utviklinga gjekk feil veg. Ein viktig premissleverandør for den distriktpolitiske opposisjonen var Ottar Brox, med den epokesettande boka «Hva skjer i Nord-Norge» frå 1966. Det er i denne boka Brox for første gong i norsk politisk debatt lanserer ordet populisme som uttrykk for ein teknokratikritisk folkeleg opposisjon imot ekspertvelde. Hartvig Sætra utvikla denne kritiske venstrepopulismen vidare i boka «Populismen i norsk sosialisme» frå 1973. Sætra er også svært kritisk til distriktsutviklinga på den tida. Som vi ser av tittelen på boka, var det denne gonga snakk om ein venstreradikal populisme, og bygdeopprørarane brukte omgrepet med positivt forteiken. Den venstreradikale bygdepopulismen manifesterte seg mellom anna i nei-rørsla mot EF i 1972 og i Hitra-aksjonen i 1975, ein skattestreik blant bønder som var ein medverkande årsak til opptrappingsvedtaket for jordbruksinntektene. I bae desse politiske kampane gjekk kløyvinga både langs aksene by/land og langs ein høgre/venstre-akse.

Elisabeth Ivarsflaten (2008) skiljer mellom venstre-populisme og høgre-populisme, men i ein nyleg publisert kronikk tilføyer ho ei tredje retning: Bygde-populismen. Ivarsflaten skriv: «Etter å ha forsket på populisme i en årrekke, har jeg kommet til at det i vår tid finnes tre store populistiske rammefortellinger.» Desse tre typane populistiske opprør er venstrepopulismen, ruralpopulismen og høgrepopulismen.

«Den venstrepopulistiske fortellingen peker på økte økonomiske ulikheter. Den vender sinnet mot rikfolk som skjuler formuer i skatteparadiser, EU som gjennom fri flyt av arbeidskraft legger til rette for sosial dumping og selskaper som utnytter internasjonale handelsavtaler og monopolsituasjoner til å presse fram skatteletter og dereguleringer.... Den ruralpopulistiske fortellingen peker på sentralisering. Den vender sinnet mot virkelighetsfjerne teoretikere i storbyene som bestiller utredninger som viser at det ikke er samfunnsøkonomisk lønnsomt at det bor folk rundt omkring i landet.... Den høyrepopulistiske fortellingen peker på innvandring. Den vender sinnet mot utlendinger, asylsøkere, muslimer og arbeidsinnvandrere, og mot politikere som enten er uutholdelig naive eller bryr seg mer om innvandrerne enn de som er oppvokst i landet».¹

Populismen i Noreg bli drøfta nærare i kapittel 3 i denne boka.

Eit nytt distriktsopprør?

Politiske protestar imot sentralmakt og politiske elitar er ikkje eit særnorsk fenomen i desse dagar. Ein ser liknande opprør imot elitane i dei nordiske landa og i land som Italia, Frankrike (Guilluy, 2019), Storbritannia (Hearn, 2017) og USA (Cramer, 2016). Ofte ser ein at desse politiske protestane og opprøra blir dratt over den same analytiske kammen og kalla «populisme», der populismen blir oppfatta som ei utfordring for den styrande makta, noko som skaper splid (Østerud, 2017).

Det er heller ikkje noe nytt med distriktsopprør mot sentralmakt og elitar i Noreg som vi såg i avsnittet ovanfor, og i følgje Håvard Teigen (2019) har distriktspolitikken vore eit viktig tema ved store vendepunkt i nyare norsk politisk historie (sjå også kapittel 6 i denne boka), slik som ved overgangen frå regjeringa Gerhardsen til regjeringa Borten i 1965 og datidas strid om vekstsenter, ved EF-røystinga i 1972, og under den seinaste folkerøystinga om EU i 1994. I dei seinaste åra har vi sett at sosiale grupper, bygder, småbyar og distrikt reiser seg og protesterer imot byelitane på ny. Konfliktlinja sentrum-periferi har igjen vorte relevant i Noreg. Kommentatorane i avisene snakkar om at det veks fram eit distriktsopprør med referansar til grupperingar som protesterer imot nedlegging av sjukehus, forsvarsanlegg eller utbygging av vindkraft. Og vi ser motstand imot samanslåing av kommunar og fylke eller folkelege protestar imot sentralisering av statlege arbeidsplassar i posten, politiet, rettsvesenet og i arbeids- og velferdsetaten NAV.

Det som opphavelig var bøndernes eige parti – Senterpartiet – har lykkast i å bli distriktas eige parti. Senterpartiet beiter på misnøya imot dei sentraliserande reformene og har gjennom tre val (2015-2019) vakse seg sterkare. Slagsvold Vedum haustar røyster på ein jamt meir polarisert debatt der folk i bygder og småbyar står mot ekspertmakt og protesterer imot regjeringa sin politikk på område etter område (Sjå kapittel 3 og 4 i denne boka). Mange av dei ekspertane regjeringa søkjer råd hos, og som utgjer fleirtalet i offentlege råd og utval, bur i Oslo-området. Dermed framstår også protestane imot reformer som fører til sentralisering ofte som eit distriktsopprør imot elitane i Oslo og det veks fram ei potensiell konflikt mellom elitar i sentrum og folkelege rørsler i periferien (Sjå kapittel 2, 5, 7, 9 og 13 i denne boka).

Reformene i offentlig sektor blir begrunna med at etatane som leverer tenester skal bli meir effektive og «robuste», møte nye utfordringar, ikkje minst teknologiske, og lettare kunne rekruttere fagfolk med høg kompetanse (Meld, St 18. 2016-2017). Sparing i offentlig sektor har også vore eit motiv, der dagens regjering har funne eit effektivt verkemiddel med den såkalla avbyråkratiserings- og effektiviseringsreformen (ABE-reformen) i offentlig sektor som vart innført frå og med 2015. Der får alle statlege etatar redusert dei årlege overføringane med 0,5 prosent av alle driftsutgifter over statsbudsjettet.²

Dette politiske grepet har Regjeringa Solberg begrunna med eit mål om å få mindre byråkrati og meir igjen for pengane i statleg forvaltning. I og med at utgifter til løn utgjer den største delen av budsjettet til offentlege etatar, har denne reforma saman med eigne reformer i ei rekkje etatar, ført til færre statlege arbeidsplassar i dei fleste distriktskommunar. Og mens talet på tilsette i offentlig sektor har auka med 55 000, frå 794 285 i 2013 til 849 629 i 2018,³ har 231 kommunar mista statlege arbeidsplassar i perioden 2016 til 2018, i følgje tal frå Statistisk Sentralbyrå bearbeidd for avisa Nationen. Trondheim (+925), Bergen (+733), Stavanger (+450) og Kristiansand (+310) har størst auke i statlege arbeidsplassar, mens unntaket blant storbyane er Oslo, som har tapt 533 statlege tilsette mellom 2016 og 2018.⁴

Sentraliseringa har med dette flytta seg opp eit nivå, til mellomstore byer og landsdelssentra. Tidlegare har desse «vegetert» på småsamfunn i omlandet og hatt befolkningsvekst, men på grunn av omstruktureringa i offentlig sektor, får også små og mellomstore byar negativ nærings- og befolkningsutvikling. Dette skuldast og at privat sektor blir ramma som ein bieffekt ved at det offentlege kjøper mindre varer og tenester lokalt og færre offentlig tilsette betyr færre kjøpedyktige forbrukarar. Staten trekker seg tilbake og stikk av, noe som kan få store konsekvensar både for tilliten til offentlig sektor og staten, og for tilliten til politikk i det heile. Det er denne utviklinga bidragsytar til denne boka, Jostein Vik, har kalla «den grådige stat» (meir om dette i kapittel 14), ein stat som gradvis trekkjer seg tilbake frå distrikt der det enno bur relativt mye folk.⁵ Dette er eit teikn i tida, eit trekk ved staten i det ein kan kalla den nyliberale tidsalderen (Stalsberg, 2019).

Korleis definere ein elite?

I klassisk historisk-materialistiske definisjonar i tradisjonen frå Karl Marx definerer ein gjerne elitar ut frå økonomiske markørar (Marx, 1908). Det er dei som eig mot dei som arbeider. Dei som eig produksjonsmidla har makt og er eliten, dei som arbeider er underklasse. I nyare forskning har ein gjerne teke inn andre aspekt i slike definisjonar, og ein snakkar gjerne om sosial, kulturell eller symbolsk kapital som grunnlag for posisjonen som elite, i tillegg til den økonomiske stillinga i samfunnet (Bourdieu, 1984). Johs Hjellbrekke og Olav Korsnes har utvikla ein analyse av elitar og klassar i Noreg som inspirert av Bourdieu sine modellar (Hjellbrekke og Korsnes 2005, Korsnes et al 2017). Bygd på Bourdieus teori om klasse og sosiale felt, har dei analysert kapital og mobilitet i det norske maktfeltet og finn ein tri-polar struktur: det økonomiske, det politiske og det kulturelle/ akademiske maktfeltet. Høgt volum av økonomisk kapital står i opposisjon til låge kapitalvolum på alle felt, og politisk kapital står i opposisjon til høge volum av kulturell / utdanningskapital. Dei identifiserer fire sosiale grupperingar: dei utanforstående, oppkomlingane, dei nedstigande og dei som arvar kapital. Hjellbrekke og Korsnes (2005) finn ein tydeleg tendens til at ulikskap blir arva mellom generasjonar når det gjeld sosiale og økonomiske formuar.

Den danske journalisten og kommentatoren Lars Olsen (2010) har med eit liknande utgangspunkt i Bourdieu peika ut tre elitar med makt i Danmark: *Næringslivseliten* som eig kapital og har mest økonomisk makt, *forvaltningseliten* i privat og offentleg sektor som har byråkratisk makt og *kunnskapseliten* som har etterspurt kunnskap og ferdigheter. Arbeidarklassen, som er underordna alle dei tre elitane, deler Olsen i den "blå" arbeidarklassen, med politiske sympatiar til høgre og den "raude" arbeidarklassen, med politiske sympatiar til venstre.

Nyleg har den britiske journalisten og kommentatoren David Goodhart (2017) føreslått ein alternativ måte å snakka om elitar på i dagens verd, via omgrepa «*somewheres*» og «*anywheres*». «*Somewheres*» er dei som er frå ein stad og tilhøyrer bufaste familiar med djupe røter i eit landskap og ein yrkeskultur. «*Anywheres*» er dei mobile som på grunn av høg utdanning kan flytte rundt mellom godt betalte jobbar, gjerne i fleire land på grunn av globaliseringa. Goodhart definerer ein «*somewhere*» som ein person som bur mindre enn 30 kilometer frå der personen har vakse opp. I Storbritannia er «*Somewheres*» i fleirtal, med om

lag 60 prosent av folket, mot 25 prosent «anywheres». Dei resterande 15 prosentane er litt av begge delar. Også dette perspektivet kan ha mykje for seg i ein norsk samanheng.

Kultur og klassekløfter finst uansett i alle demokrati, men det er stor forskjell mellom den politiske striden som kjem ut av slike kløfter. Som vi peika på i avsnittet over, så er det mykje som tyder på at denne kløfta mellom folk og elite er i ferd med å utvide seg i det norske folket. Utan å føregripe analysane i dei kapitla som følgjer, ser vi også her i landet ei sosial, økonomisk og kulturell kløft mellom dei som har røter: *Dei rotfaste*, og dei som har føter: *Dei fotfaste*. Dei rotfaste som held seg på heimetraktene til familien er priggitt stadens næringsliv, og er mellom dei som taper på globaliseringa. Dei rotfaste er bekymra for framtida til velferdsstaten og den norske modellen, mens dei fotfaste som fartar rundt og gjer karriere, er mindre opptatt av å bevare særnorske ordningar for velferd og økonomi. Dei fotfaste elitane, dei som har høg utdanning eller mye pengar, eller begge delar, er ikkje like bekymra for framtida som dei som arbeider i jordbruk og industri i distrikta.

Denne kløfta i folket er farleg for tilliten til institusjonane og til det politiske demokratiet. Dette fell også på visse måtar saman med Rokkan sin teori om motsetnaden mellom sentrum og periferi. Dei fotfaste i sentrum vil noko anna enn dei rotfaste i periferien, både fordi dei har andre sosio-økonomiske interesser og fordi dei har eit anna kulturelt og geografisk perspektiv på stridsspørsmåla i samtida.

Kultur og identitet i bygd og by

Dei seinare åra har såkalla identitetspolitikk, eller politiske skiljelinjer langs kulturelle skiljelinjer vorte viktige i mange land. Det kan vera tradisjonelle kulturelle motsetningar mellom religiøse grupper (protestantar versus katolikkar) eller mellom dei som identifiserer seg med ein elitekultur høvesvis ein folkekultur (høgekultur versus lågekultur). I nyare tid har identitetsmarkørar som kjønn, etnisk bakgrunn og seksuell legning danna grunnlaget for politisk kløyving og strid, gjerne som forgreiningar på høgre-venstreaksen. Her i landet har vi sett ei rekkje eksempel på identitetspolitiske stridsspørsmål, eksempelvis rundt innvandring og likekjønna ekteskap.

Dersom vi framleis skal rekne med at kultur og identitet kan danne grunnlag for politisk identifikasjon og organisering, kva er viktige sosio-kulturelle markørar i dag? Nynorsk språk markerer framleis ei kulturkløft på langs i Sør-Noreg. Religion har ulik posisjon i sosio-kulturell gruppedanning, alt etter om du er i vest eller aust, i by eller på landet. Symbolsaker

med utspring i religion, som abort og rettane til homofile, har framleis politisk sprengkraft i fleire av dei politiske partia.

Vår ambisjon i denne boka er å tilføre analysen av forholdet mellom sentrum og periferi nye perspektiv som kan fange opp nye identitetsmarkørar. Det som noe nedsettande blir omtalt som symbolpolitikk er nettopp forsøk frå politiske grupperingar på å fange opp kulturelt baserte motsetningar for å tale saka til dei som visse verdiar, livsformer og gruppeidentitetar er viktige for. Det er ikkje sikkert det er så mange som er bastant for eller imot ulv i norsk utmark eller raudt kjøtt på den kommunale menyen til skolebarn. Til gjengjeld er slike symbolsaker viktige for dei som har markerte synspunkt, noko som gir grunnlag for politisk mobilisering på bae fløyer.

Kva som vil koma ut av den veksande sosiale og kulturelle kløfta i Noreg, er enno ikkje klårt. Vi har så vidt sett starten. Konfliktane rundt innvandring og kommunereforma, er typiske eksempel på politiske konfliktar som botnar i konfliktar rundt identitet. Som forskarar vil vi i denne boka resonnerer oss fram til kva denne kulturkløfta betyr for samfunnsutviklinga og det politiske livet. Kva teikn ser vi til at det blir mindre tillit mellom folk, og kva er i så fall konesekvensane? Er grensene for kva velferdsstaten kan ta på seg nådd, og vil nye generasjonar i mindre grad slutte opp om dette spleiselaget? Den demografiske utviklinga i periferien set i alle fall opp store utfordringar for velferdsstaten i framtida (Sjå kapittel 10 i denne boka).

På noen tidspunkt og område, ikkje minst når skandalar blir avslørt, ser vi at systemforakt og politikarforakt breier seg. Når Mattilsynet gjer ein dårleg jobb og tråkkar på folk eller stortingspolitikarar svindlar med reiserekningar, ber det ved til det bålet som brenn under tillitskontrakten mellom folket og elitane. Vår oppgåve som forskarar er å bidra med gode definisjonar og ulike perspektiv for å skaffe kunnskap om kva som skjer, mens det skjer – og peike på boteråder. Det gjeld både sosialt, kulturelt og økonomisk.

Bidraga i denne boka

Forutan dette første kapittelet og det avsluttande kapittelet er denne boka delt inn i tre tematiske bolkar: 1) «Dei nye distriktsopprøra», 2) «Politikk og reformer mellom sentrum og periferi» og 3) «Periferiens sosiale og økonomiske landskap». Kapitla er skrivne av noen av våre fremste samfunnsforskarar innan distrikts- og ruralforskning. Kvar for seg gir kapitla innsikter på spesielle tematiske område innan forskinga. Samla gir dei eit overordna blick på

den norske konfliktdimensjonen sentrum-periferi frå eit breitt politisk økonomisk og sosialt perspektiv. Bolkane og kapitla er som følgjer:

Første bolk: Dei nye distriktsopprøra

Kapittel 2: Kjensla av ran

I dette kapitlet drøftar Bjørn Egil Flø korleis vi har gått frå ein moralsk forankra distriktspolitikk til ein situasjon der ein ny-liberal politisk filosofi har fått innpass i norsk politikk og gradvis festa seg i retorikken om modernisering av Noreg. Kapitlet drøftar vidare framveksten av den økonomiske rasjonalismen i miljøpolitikken og overgangen til det som vi i dag kjenner som økologisk modernisering. Flø argumenterer for at dagens gryande konflikt mellom sentrum og periferi er ein reaksjon på dei konkrete resultata som følgjer i kjølvatnet av denne ny-liberale moderniseringa av Noreg. Det handlar om at folk opplever at deira eigne lokalsamfunn vert uttynna og at verdiane skapt på dei lokale ressursane ikkje kjem lokalsamfunna til del. Det handlar om at folk mistar levebrødet sitt; det handlar om at ulven drep; og om ei aktiv nedbygging av distriktspolitiske verkemiddel, medan statsrådana på fjernsynet fortel at det går betre enn nokon gong i distrikts-Noreg. Folk opplever at staten fråskriv seg ansvaret for distriktsutviklinga og overlèt det til bygdefolket sjølve å fikse.

Kapittel 3: Et rekordvalg for Senterpartiet – et brøl fra periferien eller distriktspopulisme?

Anders Todal Jenssen skriv i dette kapitlet om Senterpartiet sin framgang ved dei siste vala, og om populisme som forklaringsmodell. I det politiske ordsiftet er det særleg høgrepopulismen som har blitt via merksemd, men med SP sin framgang på meiningsmålingane, har SP stadig oftare vorte stempla som «populistar» av sine politiske motstandarar, særleg representantar for Høgre. Jenssen ser på ei alternativ forklaringa til populisme som er ei etterspurnad-forklaring: Den sittande regjeringa har gjennom ei rekke reformer gjort kvardagen for folk i distrikta vanskelegare. Desse veljarane sluttar opp om den skarpest formulerte protesten mot regjeringa sin politikk, og der er det SP som førar an.

Kapittel 4: En kvantitativ analyse av fremgangen til Senterpartiet ved kommunevalget i 2019

I dette kapitlet tek Anders Mahlum Melås og Arild Blekesaune føre seg Senterpartiets auka oppslutning i kommunevalet 2019. Valet, og tida som leia opp mot det, vert av mange omtala som eit «distriktsopprør», og vart sett på som periferiens motreaksjon til sentralisering og nedbygging av bygdene. Forfattarane tek utgangspunkt i denne påstanden og undersøker kvantitativt om valresultata kan forklarast med at det har vore motstand mot dei store

reformane, nedlegging av lensmannskontor eller nedgang i sysselsetjinga i offentleg sektor og kommunal sektor. Det viser seg at det ikkje berre er ein kamp mellom sentrale strok og utkantstrok, ettersom Sp også har auka si oppslutning på meir sentrale plassar. Veksten har kome i heile landet og viser ei gjenoppliving av Stein Rokkans gamle omgrepsspar sentrum og periferi.

Kapittel 5: «Elefanten i periferien».

Bente Aasjord undersøker ser i dette kapitlet nærmare om det er geografisk ulikskap i Noreg, med vekt på Nord-Noreg. Sentrum/periferiaksen i Noreg har hatt varierende politisk relevans. Sjølv om skiljelinja igjen har vorte tydeleg, har veljarprotestane i den norske periferien ikkje vore knytt til geografisk ulikskap, men til «sentralisering». Tilnærminga er tidlegare kalla ein «særnorsk posisjon», som kan vera forankra i at Noreg har små forskjellar. I tråd med dette har geografisk ulikskap i Noreg i store trekk ikkje vore adressert. Dette pregar både akademia og politisk debatt. Aasjord ser i dette kapitlet først på diskursen som kan koplast til dei nye veljarmønstra i nord og i Noreg generelt. Deretter undersøker ho om veljarmønstra kan knytast til geografisk ulikskap. Aasjord har funne ein rekkje indikatorar som peikar i retning av ein betydeleg geografisk ulikskap i Noreg. Dette gjeld både levekår, offentlege tenester og formue.

Andre bolck: Politikk og reformer mellom sentrum og periferi

Kapittel 6: Distriktpolitikken historie: frå nasjonsbygging til distriktsopprør

I dette kapitlet gjev Håvard Teigen ei oversikt over utviklinga i distriktpolitikken i Noreg med vekt på etterkrigstida. I Noreg har vi hatt ulik politikk for bygd og by heilt tilbake til 1814 og i Stortinget har det alltid vore røysta på tvers av partigrenser når noko har vore viktig for stortingsbenkane i det einkilde fylket. Likevel var det først etter andre verdskrigen vi fekk ein eksplisitt distriktpolitikk med eigne målsettingar og verkemiddel. Teigen drøftar om dei nye distriktsopprøra primært er å forstå som eit resultat av regjeringas mange sentraliseringsreformer eller om det vi ser er ein norsk variant av periferiens opprør mot sentrum og elitar slik vi ser det i mange andre land.

Kapittel 7: Kommune- og fylkesreform: Bakgrunn og motstand

Nils Aarsæther ser i dette kapitlet på dei gjentatte forsøka frå statleg hald på å slå saman kommunar og fylke, eit arbeid som starta rett etter andre verdskrigen – og som dei siste åra har kome til uttrykk gjennom regjeringa Solbergs to reformløp: Kommunereforma (2014-2017) og Regionreforma (2016-2017). Han legg størst vekt på reforma som gjeld samanslåing av kommunar. Her tar han for seg forhistoria til dagens reformarbeid, og viser deretter til to måtar å sjå kommunestruktur på: Ovanfrå og nedanfrå. Deretter gir han ei kritisk vurdering av regjeringa sin argumentasjon for samanslåingar i kommune-Noreg. Så går Aarsæther grundig inn på korleis kommunereforma blei førebudd og gjennomført, med vekt på «Ekspertutvalet» og fylkesmannsembeta sine roller. Som kjent gjekk ikkje dette reformarbeidet føre seg utan motstand, og han rundar av med å gå nærare inn på korleis motstanden kom til uttrykk.

Kapittel 8: Landbrukspolitikken som ondarta problem – og motor for misnøye

I dette kapitlet ser Jostein Vik på korleis jordbrukspolitikken kan vera ein viktig faktor for distriktpolitisk misnøye. Han tar for seg landbrukspolitikken frå Øksnes-utvalet si utredning og opptrappingsvedtaket midt på 1970-talet og fram til i dag og beskriv jordbrukspolitikken som eit vondarta problem og som eit trilemma. Det jordbrukspolitiske trilemmaet kjem av at det er tre delvis motstridande mål i den norske jordbrukspolitikken – aukande effektivitet, stabil produksjon for den norske marknaden, og ein stabil bruksstruktur. Ved å analysa jordbrukspolitikken i sentrale offentlege dokument, syner Vik at styresmaktene har veksla mellom å leggje vekt på eitt av desse tre måla. Ved å lukkast på eit område av jordbrukspolitikken, inneber det at ein feilar på eit anna. Medan norsk jordbruk har lukkast i å auke produktiviteten samstundes som ein har klart å halde produksjonen stabil, har ein – nettopp fordi desse måla er så godt oppfylt – feila i å stabilisera strukturen i landbruket. Følgjeleg er det alltid rom for velgrunna kritikk av jordbrukspolitikken, noe som verkar som ein motor for misnøye og distriktpolitisk debatt.

Kapittel 9: Er en annen verden mulig? Et institusjonelt perspektiv på nordnorske kystopprør. Jahn Petter Johnsen og Bjørn-Petter Finstad ser i dette kapitlet på norske kystopprør i lys av fiskeripolitikken. Dei stadig tilbakevendande marknadsproblema som den eksportorienterte fiskerinæringa møtte, vart først løyst gjennom aukande økonomisk støtte til næringa gjennom hovudavtalen mellom Norges Fiskarlag og staten. Lønsem- og marknadsproblema vart løyst gjennom overfiske og auka subsidier. Utover i 1980-åra vart det så satt fokus på samanhengen mellom overfiske og statsstøtte, og det vart klart at støttepolitikken måtte reviderast. Under forhandlingane om ny EFTA-avtale frå slutten av 1980-åra forplikta Norge seg til å avvikle

dei direkte subsidiane i fiskerinæringa. Resultatet var at fiskeripolitikken nå måtte utformast for å tilpasse fangstkapasiteten til ressursgrunnlaget. Avgrensa kvotar, avkastningskrav og sterk global konkurranse i marknadene, førte til at det vart vanskeleg for fiskerinæringa å oppfylle forventningar om busetting og sysselsetting. Med det som utgangspunkt kunne ein forvente ei sterkare politisk polarisering og konflikthar, noe som forfattarane viser har skjedd berre har i avgrensa grad.

Tredje bolk: Periferiens sosiale og økonomiske landskap

Kapittel 10: Velter økte forskjeller mellom by og land lasset? Velferdsstaten og Distrikts-Noreg

I dette kapitlet presenterer Svein Johan Frisvoll velferdsstatens historiske fundament i samfunnskontrakten mellom by og land. I det rurale Noreg har det nasjonale prosjektet med å bygga ein omfattende velferdsstat vore einsbetydande med å bygga ut kommunal sektor, som ikkje berre har skapt arbeidsplassar utanfor primærnæringane, men som også sikra ein variert arbeidsmarknad for kompetansearbeidskraft utanom industrien, som elles måtte til sentrale strøk for å finna arbeid. Den desentraliserte velferdsstaten har og vore ein garantist for at rurale samfunn har halde tritt med bysamfunna når det gjeld sosial, kulturell og økonomisk utvikling og levekår. Sidan 1990-talet har det kome mørke skyer over velferdsstaten i distrikta. I kapitlet analyserer Frisvoll drivkreftene og den politiske og geografiske dimensjonen i løysingane som blir foreslått.

Kapittel 11: Bygda: norsk totem eller plaga utkant? - Nokre trekk ved by-land-dikotomien og rolla den spelar i norsk forståing av eiga samtid

Sentrum-periferi-dikotomien har vore og er nyttig i forsøka på å forstå den rolla forholdet mellom by og land spelar i Noreg, noe som også står sentralt i denne boka. I dette kapitlet ser Mary Bente Bringslid nærare på by/land-dikotomien i seg sjølv, som ofte opererer implisitt i diskursen om forholdet mellom sentrum og periferi. By/land er ein tankefigur som er del av kvardagsspråket over store deler av verda, samstundes som den står sentralt i sjølve etableringa av samfunnsvitskapen. Etter ei kort drøfting av det historiske og kulturelle innhaldet i omgrepa, legg forfattaren vekt på tre sider ved omgrepsparet: tid, hierarki og ambivalens. Deretter prøver ho å nytte desse i ein diskusjon av korleis by/land-forholdet blir forstått og snakka om i dag. I denne diskusjonen trekkjer ho på ferske døme frå dagens distriktsprotestar og tilsvara desse får.

Kapittel 12: Uro i turismens tidsalder - Stedskvalitetar under press

I dette kapittelet drøftar Anniken Førde korleis kvalitetar ved stader kjem under press på grunn av aukande turisme i nord. Kva gjer turismen med stadene våre? Distrikta betaler ofte ein høg pris for den veksten; dei får ein stor del av turismen sine fotavtrykk og ein mindre del av inntektene. Fleire stader diskuterer ein om det finst ei tålegrense for turisme i små samfunn. Dei endringane ein kan tåle på ein stad er kopla mot kva verdiar og verksemder det nye slettar ut. Dette bokkapittelet diskuterer korleis vi kan ta folk si uro på alvor. Kan den vaksande uroa nyttast til å utvikle strategiar for eit reiseliv som tar omsyn til og viser omsorg for lokale kvalitetar og kompleksitetar?

Kapittel 13: Ulvekonflikten og periferiens politiske transformasjon

Jon Naustdalslid peikar i dette kapitlet på at Stein Rokkan i si tid teikna eit bilde av det norske politiske landskapet som eit dobbelt trekantforhold (jfr. side 5): Ein opphavelig sentrum-periferidimensjon (by-land) og ein arbeid-kapital dimensjon som gjekk på tvers av den opphavelige sentrum-periferi dimensjonen. Eit av dei viktigaste kjenneteikna ved Noreg har vore styrken til periferien. I Rokkans teoretiske modell er folks plassering i det politiske landskapet knytt til materielle interesser som bustad, yrke og sosial klasse. Naustdalslid drøftar korleis dette faste mønsteret etter kvart har gått i oppløysing ved at det materielle grunnlaget for den tradisjonelle periferiens politiske styrke etter kvart har erodert. Han analyserer denne endringa ved å følgje ei spesiell sak: Rovdyrdebatten illustrert med to ulvehistorier som han har eit personleg forhold til. Han viser at den dramatiske endringa i synet på ulv i samfunnet heng saman med korleis det materielle grunnlaget for sentrum-periferi dimensjonen i norsk politikk har endra seg.

Kapittel 14: Periferiens politiske økonomi i sentrum – nokre refleksjonar

Kapittel 14 er dels ei oppsummering av sentrale argument frå boka, og dels eit resonnement knytt til sentrum-periferi relasjonen sin politiske økonomi. Først tek Jostein Vik, Reidar Almås, Bjørn Egil Flø og Eirik Magnus Fuglestad opp ei serie endringar i den norske ressursbaserte politiske økonomien, deretter adresserer dei korleis staten trekkjer seg attende frå si rolle som aktiv distriktpolitisk aktør, før dei beskriv korleis den politiske deltakinga blir påverka av endringane. Forfattarane kjem også med konkrete forslag til korleis den politiske verktøykassa kan fyllast, slik at ho kan være tenleg til å fortsette å byggja ein velferdsstat som er meir kjenneteikna av alliansane mellom by og land enn av skiljelinene mellom dei. Avslutningsvis tek forfattarane også opp korleis koronapandemien ikkje reduserer viktigheita av sentrum-periferi relasjonen, men snarare forsterkar han, og dessutan peikar på behovet for ein offentleg sektor som er aktiv, førebudd og til stades i heile landet.

Litteratur

Baldersheim, Harald & Fimreite, Anne Lise. "Norwegian centre-periphery relations in afflux: Abolition or reconstruction of regional governance" *West European Politics*, Vol. 28, Nr. 4, 2006.

Bourdieu, Pierre, *Distinction: A social critique of the judgement of taste*, Cambridge, MA: Harvard Univ. Press, 1984.

Chomsky, Noam. "The Responsibility of Intellectuals". The New York Review of Books - A Special Supplement, February 23, 1967.

Claes, Dag Harald, Helge Hveem, Bent Sofus Tranøy. *Internasjonal politisk økonomi*. Oslo: Universitetsforlaget, 2017. Lasta ned 21.11. 2019.

Cramer, Kathrine. J, *The politics of resentment: rural consciousness in Wisconsin and the rise of Scott Walker*, University of Chicago Press, Chicago, 2016.

Fuglestad, Eirik Magnus, "Vil de vera med so heng fast – om utviklinga av ein norsk anarkonasjonalisme i 1880 åra", *Nytt Norsk Tidsskrift*, Vol. 34, nr. 3, 2017.

Fuglestad, Eirik Magnus, *Private Property and the origins of nationalism in the United states and Norway: the making of propertied communities*, Cham: Palgrave, 2018.

Furre, Berge. *Vårt hundreår. Norsk historie 1905-1990*. Oslo: Det Norske Samlaget, 1991.

Gellner, Ernest, *Nations and Nationalism*. Ithaca, NY: Cornell University Press, 2006 [1983].

Goodhart, David. *The Road to Somewhere. The Populist Revolt and the Future of Politics*. London: Hurst and Company, 2017.

Greenfeld, Liah. *Nationalism: Five Roads to Modernity*. Cambridge, MA: Harvard University Press, 1993.

Grendstad, Gunnar og Hilmar Rommetvedt. Fem tyver på same marknad. I Selle, P. og Grendstad, Gunnar. (red.) *Kultur som levemåte*. S. 183-200. Oslo: Det Norske Samlaget, 1996.

Guilluy, Christophe, *Twilight of the Elites: prosperity, the periphery and the future of France*, Yale University Press, London, 2019.

Hearn, Jonathan. *Vox Populi: Nationalism, Globalization and the Balance of Power in the Making of Brexit*. In W. Outhwaite (Ed.), *Brexit: Sociological Responses* (pp. 19-30). Anthem Press, 2017.

Hirschman, Albert O. *Exit, Voice, and Loyalty. Responses to Decline in Firms, Organizations, and States*. Cambridge (USA), London: Harvard University Press, 1972.

Ivarsflaten, Elisabeth. "What Unites Right-Wing Populists in Western Europe? Re-Examining Grievance Mobilization Models in Seven Successful Cases". *Comparative Political Studies*. October 17, 2007. <https://doi.org/10.1177/0010414006294168>.

Hjellbrekke, Johs. og Olav Korsnes. "Sosial kapital-strukturar i norske elitar". *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 4/2005, årgang 46. s. 467-502.

Korsnes, Olav, Felix Bühlmann, Johan Heilbron, Johs Hjellbrekke and Mike Savage. *New Directions in Elite Studies*. Volum 237, Milton Park: Routledge Advances in Sociology, 2017.

Lipset, Martin and Stein Rokkan. *Party Systems and Voter Alignments: Cross-National Perspectives*. Lipset, Martin (red.), New York: The Free Press, 1967.

Marx, Karl and Frederick Engels, *Manifesto of the communist party*, The New York Labour News, New York, (1908) [1848].

Meld. St. 18 (2016–2017) *Berekraftige byar og sterke distrikt*.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20162017/id2539348/sec1> [Lasta ned 21.11.](#) 2019

Meld. St. 5 (2019 – 2020) *Melding til Stortinget: Levende lokalsamfunn for fremtiden*.

Distriktsmeldingen. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-5-20192020/id2674349/> [Lasta ned 21.11.](#) 2019.

Nerbøvik, Jostein, "Nasjonalismen innenfor og til venstre for Venstre". I Sørensen, Ø. (red.), *Jakten på det norske: Perspektiver på utviklinga av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet*. s. 321–338. Oslo: Gyldendal, 1998.

Olsen, Lars. *Eliternes triumf*. København: Sohn Forlag, 2010.

O'Neill, Deirdre and Mike Wayne (red.). *Considering Class, Theory, Culture and the Media in the 21st Century*, Leiden/Boston: Brill, 2018.

- Rokkan, Stein. *Citizens, Elections, Parties: Approaches to the Comparative Study of the Process of Development*. Oslo: Universitetsforlaget, 1970.
- Rokkan, Stein. *Stat, nasjon, klasse*. Oslo: Universitetsforlaget, 1987.
- Seip, Jens Arup. *Et regime foran undergangen: kampen mellom menn og idealer i årene før parlamentarismens seier i Norge*. Oslo: Gyldendal, 1965 [1945].
- Seip, Jens Arup, *Utsikt over Norges historie*, Oslo: Gyldendal, 1974.
- Steen, Sverre. *Det frie Norge: på falittens rand*. Oslo: Cappelen, 1953.
- Stein, Jonas. "The Striking Similarities between Northern Norway and Northern Sweden". *Arctic Review on Law and Politics*. Vol. 10, 2019.
- Teigen, Håvard. *Distriktpolitikkens historie i Norge*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2019.
- Torgersen, Ulf. "De sosiale fellesskaps formvariasjoner". *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 51(1), 39-65, 2010.
- Yttri, Gunnar. "Sentrum og periferi - eit varig modelltyranni? Norsk historieskriving i fagkritisk perspektiv". I Helgesen, Øyvind, Richard Glavee-Geo, Ghulam Mustafa, Erik Nessel og Paula Rice (red.). *Modeller* (s. 242-255). Oslo: Universitetsforlaget, 2019.
- Østerud, Øystein, «Populismen tar over verden», i *Nytt Norsk Tidsskrift*, vol 34, nr 3, 2017.

¹ Sjå kronikk av Elisabeth Ivarsflaten i Kommunal Rapport:

<https://kommunal-rapport.no/meninger/kronikk/2019/01/folkeopprene-hva-forer-de-til> Lasta ned 0912 2019

² <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/En-mer-effektiv-offentlig-sektor/id2005673/> Lasta ned 25.10. 2019

³ <https://www.nationen.no/politikk/vinnerne-og-taperne-i-reformspillet/> Lasta ned 25.10. 2019

⁴ <https://www.nationen.no/motkultur/faglig-snakka/en-gradig-stat/> Lasta ned 25.10. 2019

⁵ <https://www.nationen.no/motkultur/faglig-snakka/en-gradig-stat/> Lasta ned 25.10. 2019